



# Sokratisk reflekterande team

Saman med kollega Jessica Vogt har eg tilpassa og utvida *reflekterande team* til *sokratisk reflekterande team*. Her lager deltakarane først ein indre sirkel med eit reflekterande team (som i rettleiingsforma skissert ovanfor, *Reflekterande team i barnehagen*) i tillegg til ein vegsøkjar som legg fram kasus til diskusjon, og så ein ytre sirkel med det sokratiske observerande teamet. Talet på deltakarar i dei ulike sirklane kan variere, men vi tilrår mellom 5 og 7 i det reflekterande teamet, og vi tilrår også i denne forma ein fagleg rettleiar eller ein ordstyrar/leiar. Det observerande teamet har som oppdrag å vere merksame på innhaldet og prosessen som går føre seg i refleksjonsteamet. Her kan alle i forkant av rettleiinga bli samd om kva observasjonsteamet skal ha eit spesielt fokus på, og dei som deltek i observasjonsteamet, kan gjerne ha ulikt fokus. Observasjonsteamet kan til dømes spesielt leggje merke til type spørsmål, svar og reaksjonar i spørjerunden, og sjå etter skifte av retning og fokus i refleksjonsrunden. Kva type perspektiv blir løfta fram, kva blir ikkje løfta fram, og kva burde blitt løfta fram, og kvifor. Det å nytte observatørar kan vi sjå på som ei form for nyorientering som skaper brot i tenkinga. Ved å vere på utsida av rettleiinga kan ein oppdage at nye perspektiv fører til nye meiningssamanhangar, nye synspunkt og måtar å tenkje om både praksis og rettleiinga på som kan føre til at gruppa tek tak i underliggende verdiar og føresetnader og kan oppdage skjulte handlingsmønster og låste tankespor.

## Kasusframlegging (10 min)

Alle deltakarar legg kort fram noko dei vil at det reflekterande teamet skal diskutere, ein kasus som er relatert til eiga yrkesutøving, og som ein ønskjer innspel og nytenking om. Kasusen eller saken som skal diskuterast, kan komme i mange variantar, både som problemstilling, kasus og praksisforteljing. Det

viktige blir å formulere ei tydeleg problemstilling, ei tydeleg bestilling til det reflekterande teamet om kva dei ulike deltakarane ønskjer innspel på. Gruppa blir også samde om kva det observerande teamet skal ha eit spesielt blikk på under rettleiinga.

## **Val av kasus (5 min)**

Rettleiaren styrer ein runde der deltakarane stemmer over kva sak dei vil diskutere, eller vel på ein eller annan måte kven som blir rundens «vegsøkjar» som får leggje fram sin kasus.

## **Spørjerunde (10 min)**

Deltakarane i det reflekterande teamet får i denne runden høve til å spørje vegsøkjaren etter faktiske opplysningar for å få ei best mogleg forståing av vegsøkjaren si sak, gjennom å stille spørsmål for å tydeleggjere problemet/ utfordringa/konteksten. Her bør deltakarane ta i bruk sirkulære spørsmål (sjå kapittel 3).

## **Refleksjonsrunde (25 min)**

Vegsøkjar går ut av gruppa og set seg utanfor gruppa med ryggen til, men likevel så nær at vedkomande hører det som blir sagt. Vegsøkjar bør ha med penn og papir for å notere ned refleksjonar og innspel underveis. Deltakarane i det reflekterande teamet skal komme med si subjektive oppleving av det som vart lagt fram, og med si subjektive forståing. Rettleiaren styrer ordet og har eit ansvar for å skape liv i refleksjonsrunden om den stoppar opp. Her nyttar rettleiaren systemisk tenking og utfordrar deltakarane til å reflektere over ulike inngangar og perspektiv på kasusen som vart framlagt av vegsøkjar.

## **Oppsummering (5 min)**

Vegsøkjar går tilbake til gruppa og seier noko om korleis det har vore å høyre på dei andre sine refleksjonar, og seier også noko om kva vedkomande tenkjer kan vere nyttig i høve til vidare arbeid. Her kan rettleiaren utfordre vegsøkjar til å komme med grunngjevingar ut frå eiga profesjonsrolle.

## **Observasjonsrunde (10 min)**

Det observerande teamet kjem i denne runden med innspel på innhaldet og prosessen i refleksjonsteamet ut frå bestillingar gjort av rettleiar og det reflekterande teamet i forkant. Det observerande teamet kan til dømes leggje merke til type spørsmål og reaksjonar i spørjerunden, bruk av sirkulære spørsmål, ulike inngangar og perspektiv som blir diskutert (eller ikkje blir diskutert), og korleis desse påverka situasjonen og diskusjonen. Det observerande teamet kan også gjerne sjå etter kamuflerte råd i form av spørsmål.

## **Metasamtale (10 min)**

- Korleis opplevde deltakrar, problemeigar og rettleiar denne øvinga?
- Korleis har det vore for problemeigar å høyre på dei andre sine refleksjonar?
- Kva kan gruppa ta med seg i sitt vidare arbeid?
- Kva har det observerande teamet lagt spesielt merke til? Anten generelt eller meir konkret retta mot type spørsmål, bruk av sirkulære spørsmål, kamuflerte råd, bruk av kroppsspråk, perspektiv belyst og skifte av fokus i refleksjonsrunden
- Kva kan/bør gjerast annleis for at øvinga passer denne gruppa betre?